



Fagforbundet Avd 239 Vågsøy
Postboks 82
6701 Måløy

Vår ref.:
26/7092 - 26/37330 / MASV2

Dykkar ref.:

Dato:
05.06.2026

Høring av revidering av vedtekter for kommunale barnehagar

Vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune vart vedtekne av kommunestyret 11.12.2019 (KOST – 70/19) og gjort gjeldande frå 01.01.2020. Vedtektene er seinare korrigert i samsvar med endringar i barnehagelova gjeldande frå 01.01.2021 og er å finne på <http://www.kinn.kommune.no/>

Det er avdekket behov for å revidere gjeldande vedtekter for å tilpasse vedtektene til føringar i barnehagelova, forenkle innhaldet og tydeleggjere nokre paragrafar i samsvar med gjeldande praksis.

Oppvekst og kulturutvalet handsama utkast til reviderte vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn kommune i møte 02.06.2026, og gjorde slikt vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet vedtek å sende utkast til reviderte vedtekter for kommunale barnehagar på offentleg høring, med korrigeringsav tekst til § 2 til følgjande: Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, og ein representant i barnehagen sitt samarbeidsutval frå barnehageeigar skal vere valt politisk. I tillegg skal det vere to representantar frå foreldrerådet og to representantar frå dei tilsette.

I tillegg til generelle høyringsinnspel til utkastet til reviderte vedtekter, bed Oppvekst- og kulturutvalet særskilt om innspel til §§ 3, 4 og 5.

Høyringsinstansar som vert kontakta direkte er foreldreråd og SU ved dei kommunale barnehagane og arbeidstakarorganisasjonane.

Høyringsfrist vert sett til 15.07.2026.

Saksopplysningar

Barnehagelova §8 stiller krav til at kommunale og private barnehagar skal ha vedtekter. Vedtektene skal gje opplysningar som har betydning for foreldra sitt forhold til barnehagen. Dette gjeld m.a:

- Eigarforhold
- Formål (jf. §§1 og 1a)
- Opptakskriteria
- Tal medlemmar i samarbeidsutval
- Barnehagen si opningstid

I arbeidet med å revidere gjeldande vedtekter er det lagt vekt på ein tydeleg struktur og oppbygging. Kvar paragraf er innleia med overskrift, opningstid og ferie er samla i same paragraf, rutine for handtering av manglande foreldrebetaling er teken ut og samarbeidsutval og eigarforhold er utdjupa.

Dette gjer vedtektene meir brukarvenlege, forståelege for føresette og i tråd med dagens praksis i sektoren. Kommunedirektøren vurderar at utkastet til reviderte vedtekter oppfyller føringane i barnehagelova §8.

Forslag til nye §3 presiserar opningstider, stengde dagar for barna og barna sin ferie. På grunn av lågt oppmøte av barn 24. og 31. desember vert det foreslått at barnehagen har stengt desse dagane. I tillegg legg ein opp til at tenesteleiar i samråd med SU kan stenge barnehagen i romjula/ og eller måndag-onsdag i påskeveka, dersom tal påmeldte barn er lågt. Dette gjev meir berekraftig drift i periodar med låg etterspørsel.

Det er også lagt inn forslag om tre veker samanhengande ferie for barna innafor ramma til skulen sin sommarferie. Dette er eit viktig tiltak for å sikre at barnehagane kan planlegge ferieavvikling for dei tilsette og sikre forsvarleg bemanning. Det er også vurdert ut frå eit barns beste perspektiv.

Forslaget legg opp til at kommunen normalt tilbyr 100% plass. Bakgrunnen er inga etterspørsel etter reduserte plassar inneverande barnehageår.

Det er også foreslått og avgrense kunngjering av samordna inntak til offentleg kunngjort fordi dagens søkjarar nyttar digitale nettsider for å innhente informasjon.

Kommunedirektøren foreslår og endre søknadsfrist for samordna hovudinntak frå 15. februar til 1. februar for kunne framskande prosessar i etterkant av hovudinntaket.

Oppvekst og kulturutvalet ber særskilt om høyringsinnspel til:

- §3 opningstider og ferie:
 - Stengde barnehagar 24. og 31. desember
 - Behovsprøvd og stengde/avgrensa opningstider i romjula og dagar mellom palmehelg og skjærtorsdag, avgjort av tenesteleiar i samråd med SU
 - Tre veker samanhengande ferieavvikling for barna i tidsrommet skulane er feriestengt om sommaren
- §4 Barnehageplass:
 - At kommunen normalt tilbyr 100 % barnehageplass, og tek bort reduserte plassar
- §5 Søknad om barnehageplass:
 - At kunngjering av samordna inntak vert avgrensa til offentleg kunngjort
 - At søknadsfristen til samordna hovudinntak vert endra frå 15. februar til 1. februar

Høyring

Vi bed om:

- At leiar ved kvar barnehage legg til rette for at høyringsbrevet med vedlegg vert lagt fram for SU ved eiga teneste slik at høyringsinnspel kan sendast innan høyringsfristen.
- At arbeidstakarorganisasjonane organiserar felles innspel for sine arbeidstakarar

Skriftleg høyringsinnspel vert å sende til:

- Kinn kommune, postboks 294, 6701 Måløy
- Alternativ e-postadresse: post@kinn.kommune.no

Merk høyringsinnspel med Revidering av vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn

Høyringsfrist er sett til 15.07.2026

Helsing

Marion Svarstad Melstveit
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Brandsøy Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy
Eikefjord Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy
Havrenes Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy
Holvik Barnehage		6701	Måløy
Krokane Barnehage	Kinn kommune Postboks 294	6701	Måløy
Nepjarhaugen Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy
Skavøypoll Barnehage	Postboks 294	6702	Måløy
Storevatn Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy
Torvmyrane Barnehage	Postboks 294	6701	Måløy

Vedlegg

reviderte vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn
Høyring - Revidering av vedtekter for kommunale barnehagar i Kinn
Gjeldande vedtekter for barnehagane i Kinn

Mottakar

Fagforbundet Avdeling 262 Flora	Postboks 285	6902	Florø
Utdanningsforbundet Kinn	Strandgata 27	6905	Florø